

**Rosendal utklassa Fusa****02.06.2011**

**Uskedelingen Tommy Røssland kom på scoringslista da Rosendal laga målkalas og sigra 6-0 over Fusa Fotball onsdag kveld.**  
**Trenar Lars Johan Myklebust, også han frå Uskedalen, fekk nok ein gong slått fast at han har gjort ein god jobb med laget.**

Dei andre som scora var Sindre Omvik (i 1. omgang), Vegard Ludvigsen, Vegard Iversen Sondre Eskeland og Frode Havnerås.

Heimelagets første halvtime var mållaus, avslutningane var for upresise. Men så opna Omvik ballet og Røssland innleia målkalaset for alvor med eit flott skot ved stolperota då han vart áleine med keeper.

Sigeren var fortent, men heimelaget hadde likevel ingen toppdag. Dei har no klatra til tredje plassen på tabellen med ein god blanding av erfarne og unge spelarar, slår Arne Lindeflatn i Kvinnheringen fast..